



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 30.05.2017 kl 19.00 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Runar Matsui-Li, Anne Lise Ljotebø, Borgny Birkeland, Leif Arne Fureli og Sturla Bell Fossen.

Desse hadde meldt forfall: Lisbeth Haugsbø og Jarle Berge.

Møtte ikkje: Stine Iren Røyseth.

Kopi av møteboka går til:

Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Toril Lange, Karin Grodås, Eldrerådet

Sakliste: Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte. Ingen merknad.

Meldingssaker:

000014 Soknepresten har ordet

Soknepresten las ein bibeltekst og delte med oss nokre tankar kring denne.

000015 Rekneskapsrapport 2017.

Rekneskapsrapporten vart teken til vitring slik den førelåg.

000016 Parkeringsplass ved Kyrkjebø kyrkje.

Soknerådsleiaren orienterte om avtala med grunneigar Tvedt. Det er Kyrkjeleg fellesråd som er avtaleparten frå kyrkja si side.

000017 Vipps

Det kan no ofrast ved hjelp av Vipps i alle kyrkjene. Dette er svært positivt ! Ved kort tid mellom ofringane er det viktig å raskt få oversikt over kvar dei høyrer til.

000018 Friluftsgudsteneste i Måren 5. juni.

Digranes lagar plakatar.
Musikk: Finn Trædal vert spurd om å spele trekkspel, elles er Keiko med og spelar fløyte.
Aarseth tek med dei kyrkjelege rekvisita som trengs.

framhald . . .

000019 Referat frå møte i jubileumsnemnda.

Møtereferatet var tilsendt medlemene i soknerådet på førehand.
Irene Aarseth orienterte litt om dei enkelte programpostane nemnda hadde føreslege.

Soknerådet meiner dette er ei veldig bra skisse til markering av kyrkjejubileet.

Vedtakssaker:

Sak 013/17 – 015/17, sjå eige vedlegg !

Soknerådet har nokre endringsframlegg i gudstenesteplanen for Kyrkjebø og Vadheim.
Endeleg plan vert utarbeidd av presten og kyrkjekontoret.

Alle tre vedtakssakene er samanfatta i eit dokument, som er vedlagt møteprotokollen.

Ekstra sak:

Soknerådsleiaren tok på slutten av møtet opp spørsmålet om rådet skulle sende ei uttale i samband med det tilsende høringsnotatet om nye reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og kyrkjemøte.

Soknerådet meiner at:

- sidan saka ikkje stod på saklista, og
- tida fram til fastsett høringsfrist er kort,

så vil ei uttale frå dette møtet vere for lite førebudd og ikkje verte heilskapleg gjennomarbeidd.

Soknerådet sender difor ikkje noko høyringsssvar på dette notatet.

Møtet slutt kl: 20.55

Sturla Bell Fossen
- skrivar –

OVERSIKT OVER GUDSTENESTER/OFRINGAR/KYRKJEVERTAR

HAUST 2017				
KYRKJEBØ				
DATO/KL	GUDTENESTE	OFRING	KYRKJEVERT	KYRKJEKAFFI
02.07. kl. 1100	Høgmesse	Helgestunder	Sturla	Ja
10.09. kl. 1100	Høgmesse	Kyrkjelydshuset	Lisbeth	Ja
22.10. kl. 1100	Haustattakkefest	TV-aksjonen	Jarle	Ja
12.11. kl. 1100	Allehelgen	Alværa	Stine	Ja
10.12. kl. 1700	Adventsgudsteneste/ Lysmesse	Eige arbeid	Sturla	Ja
24.12. kl. 1430	Julafta	Kirkens Nødhjelp	Lisbeth	Nei
26.12. kl. 1200		Eige arbeid	Anne Lise	Nei
VADHEIM				
30.07. kl. 1700	Ekstra gudsteneste	Eige arbeid?	?	Nei
20.08. kl. 1200	Friluftsgudsteneste Vadheimstølen	Ikkje ofring	Borgny/Leif Arne/Audun	Ja
17.09. kl. 1100	Haustattakkefest	Eige arbeid	Borgny	Ja
29.10. kl. 1100	Høgmesse	Bedehuset	Audun	Ja
03.12. kl. 1100	Høgmesse	Eige arbeid	Leif Arne	Ja
24.12. kl. 1300	Julafta	Kirkens nødhjelp	Borgny	Nei

Dersom det ikkje passar, kan ein byte innbyrdes. For soknerådet er det viktig å få andre til å engasjere seg i ulike oppgåver i soknet. Dersom nokon får andre til å stille som kyrkjevertar, kan dei avtale dato og avtale med dei som er sett opp. Det kan takast med i fordelinga neste gong.